

## SPRETTEN

Laget har trent i idrettshallen vinter og haust i 2003, onsdagar frå 17.30 — 19.00. Geir Johannessen og Marianne Sandal har delt på treningsansvaret dette året. Dei har begge gjort ein flott jobb.

Ein del av medlemmane gjekk "Holavatnet Rundt" frå mai til september.

Medlemene i OIL — spretten er i alderen 16 — 60 år så det er fortsatt ein stor utfordring å lage treningsprogram som skal passe for alle.

Spretten stilte to lag i sesongen 2002 / 2003. innsatsen er på topp og resultatata midt på treet. Men resultatata er ikkje like viktig som idrettsgleda!

Me har arrangert vinteraktivitetsdag på Kvamskogen og sommaraktivitetsdag ved Kleppsvatnet. Dette var veldig populært

Etter ein "tiggarrunde" hjå bedrifter og lag er det ein sunn økonomi i laget. Laget krev inn kr. 200,- i treningsavgift både vår og haust med full oppslutning.

Styret for 2003 såg slik ut: Angunn Trovåg Mjøs, leiar, Marianne Sandal nestleiar og kasserar (Grunna sjukdom har Marianne Sandal fungert som leiar store delar av året), Arne Olai Kleppe, Jan Magne Lohne, Merethe Mjelstad, Bjørn Nilsen, Oddvar Magne Tvedt, Styremedlemar

Styret har hatt 5 — 6 møter i år. I tillegg har me hatt eit medlemsmøte med informasjon, song og matøkt. Det var vellukka.

Årsmelding OIL 2003